

## VEDLEGG 4: Risiko- og sårbarhetsanalyse Vestland fylkeskommune

I forbindelse med arbeidet med ein heilskapleg ROS for Vestland fylkeskommune må det opprettast ei prosjektgruppe bestående av beredskapspersonell frå alle fagavdelingane.

Det skal utarbeidast ROS-analyse for kvar avdeling, som skal danne grunnlaget for ei heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse for Vestland fylkeskommune. Det må det gjerast eit systematisk arbeid som gir oversikt over risiko og sårbarheit.

**Ei ROS-analyse er grunnleggjande for Vestland fylkeskommune sine beredskapsplanar.**

Formålet med ei risiko- og sårbarhetsanalyse er å

- gje ein oversikt over risiko- og sårbarhetsforhold i fylkeskommunen, og korleis de påverkar kommunen
- avdekke sårbarheit og gjensidige avhengigheiter
- føreslå tiltak for korleis risiko og sårbarheit kan reduserast og handterast
- gje planleggingsgrunnlag og stønad til avgjerder i fylkeskommunens sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap
- Organisering, roller og ansvar:
  - fylkeskommunens administrative leiing er oppdragsgivar og eigar av heilskaplege risiko og sårbarhetsanalyse

### MANDAT:

Analysere og beskrive alle forhold som direkte eller indirekte har betydning for Vestland fylkeskommune si evne til å handtere kriser.

### Gjennomføring av arbeidet:

Det er viktig at tema for ROS- analysen ikkje vert for avgrensa. Risiko og sårbarheit kan knyte seg til arealet slik det er frå naturen si side, som t.d. at det er utsett for flom, skred eller radonstråling. Det kan òg vere knytt til menneskeleg aktivitet og bruken av arealet, t.d. plassering av bygg, anlegg, sårbare objekt eller infrastruktur.


Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane, som t.d. auka nedbørsmengder, havnivåstigning, kraftigare vind m.m.

Det må gå tydeleg fram kven som har utført ROS-analysen, og kva kjelder som har vore brukte.

## Innleiande aktivitetar og avklaringar

- Utarbeide mandat for gjennomføring
- Velgje metode og prosess for analysen
- Sikre felles forståing av risikorelaterte omgrep
- Finne fram til relevant kunnskapsgrunnlag
- Invitere interne og eksterne bidragsytare
- Planlegge aktivitetar i gjennomføringsfasen

## Dei tre fasane i risikoanalyseprosessen



## Systematisering og avgrensing

Fylkesmannen har i sin risiko- og sårbarheitsanalyse sorterte uynskte hendingar i fem hovudgrupper:

- Naturbasert sårbarheit
- Verksemdbasert sårbarheit
- Smittsame sjukdommar/ epidemiar og helseberedskap
- Terror og sabotasje
- Atomulykker

## Type hendingar

- Tre hendingskategoriar:
  - Naturhendingar
  - Store ulykker
  - Tilsikta hendingar (til dømes skuleskyting eller ikt-angrep)

## Velje hendingstypar (hendingar som involverer kriseleiinga til fylkesrådmannen)

Skred, flaum, epidemi, brann, ikt-angrep osv.

## Velje scenario – eitt scenario per hendingstype (retteleiande)

Analysere konkret scenario som de ønskjer meir kunnskap om

1. Kvi for analysere konkrete hendingar?
2. Styrkar og svakheiter ved scenariotilnærminga


## Definisjonar

- Risiko = uvissa om kva hendingar som vil inntreffe i framtida og kva konsekvensar dei vil få
  - Effekt på menneske (helsorisiko)
  - Økonomiske verdiar
  - Miljømessige verdiar
- Sårbarheit: uttrykker systemet si evne til å fungere og oppnå sine mål når det utsettast for påkjenningar
- Krise er ein subjektiv oppleving av å ikkje strekkje til i ein gitt situasjon.
- Krisesituasjon er ein uførutsett hending med et omfang som krevjar større ressursar enn det ordinære hjelpe-, brann- og redningsapparat kan handtere på ein tilfredsstillande måte
- Risikoanalyse: Systematisk framgangsmåte for å beskrive og/eller rekna ut risiko.
- Sannsyn, risiko: Rekne ut/anslå kor hyppig hendinga kan forventast å inntreffe.
- Konsekvens: Moglege følger av ei uynskt hending

## Analyseoppsett

1.	Skildre hendingstype
2.	Skildre scenario (kvar, når, kva type hending mv.)
3.	Årsaker
1.	Kva må til for at hendinga skal inntreffe? Kvar er årsakene?
4.	Sårbarheit
1.	11 kritiske samfunnsfunksjonar (KIKS-rapporten som eit støtteverktøy)
2.	Barrierar (kva sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak finst i dag?)
5.	Sannsyn
1.	Eit subjektivt og kunnskapsbasert mål på uvisse
6.	Konsekvensar
1.	Døme: Liv og helse, materielle verdiar, natur og miljø og samfunnsstabilitet
7.	Varsling og evakuering
8.	Uvisse knytt til analyseresultatet
1.	Sensitivitet: I kva grad vil endringar i føresetnadane påverke resultatet av analysen?
2.	Kunnskapsgrunnlag: Kor godt er kunnskapsgrunnlaget som analysen byggjer på?
9.	Overførbarheit
1.	Kan scenarioet inntreffe andre stader i fylket?
2.	Er denne analysen relevant for andre hendingar i fylket?
10.	Forslag til tiltak (sannsyns- og konsekvensreduserande)

## Bow-Tie (sløyfediagram)



Sløyfediagrammet *kan vere* eit enkelt og effektivt verktøy for å kommunisere resultatane frå ei risikovurdering til personell på alle nivå i ei merksemd.